



Dato: 19.08.2014
Arkivref: 2008/1972-
18393/2014 / 046

Saksbehandlar: Elisabeth Knutsen
53 42 30 68
elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for oppvekst, kultur og idrett	02.09.2014
	Kommunestyret	22.09.2014

REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND 2015 - 2025 PREMISS: KULTUR - HØYRINGSSVAR**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo kommune meiner planen bør ha større fokus på fagleg samarbeid heller enn geografisk konsolidering.
2. Ein bør sjå på kva regional funksjon lag og organisasjonar som får driftsstøtte hos fylkeskommunen har.
3. Kriterier for kva som er meint med regionalt kulturoppdrag bør gjerast tydelegare.
4. Ein bør få inn omgrepet livslang læring i planen.

Dokument i saka:

1. Brev frå Hordaland fylkeskommune, datert 20.06.14, PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025

Høyringsutkast, PREMISS: KULTUR

Handlingsprogram, PREMISS: KULTUR

Bakgrunn for saka:

Hordaland fylkeskommune har sendt ut på høyring PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025. Planen er eit forslag til Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025 og inkluderer heile spekteret i kulturlivet, som museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. PREMISS: KULTUR er fem planar i eitt grep, og blir betrakta som ein pilot i nasjonal samanheng.

Frist for høyring er sett til **26. september 2014**.

Kommunen blir utfordra gjennom 7 kulepunkt:

- Visjon og målsetnader
- Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsplanen
- Kva innsatsområde og tiltak bør prioriterast dei fire første åra?
- Planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå

- Fagleg eller geografisk konsolidering av institusjonar, t.d. museumseiningar
- For dei som mottek fylkeskommunal driftsstøtte over budsjett er det diskutert om det skal søkast årleg eller kvart tredje år (jfr.kap 2.5). Vi ynskjer høyringsinstansane sitt syn på dette?
- Korleis oppfattast det regionale kulturoppdraget, og kva er forventningane til dette?

Vurderingar:

Rådmannen vurderer PREMISS: KULTUR som ein omfattande plan. Gjennom å inkludere fem planar i ein, femner den breidt, noko som kan bli ei utfordring. Det er ein regional plan, noko som medfører at planen skal leggest til grunn for kommunal planlegging. Den vil vera eit samordna styringsdokument og peika ut retninga for kultur- og idrettspolitikkk også i Bømlo kommune. Som høyringsinstans blir kommunen utfordra til å svara særskild på dei 7 kulepunkta som er lista opp.

Visjon og målsettingar – Rådmannen merkar seg ambisiøse målsettingar med Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion. Det er positivt at ein har gitt barn og unge ei spesiell merksemd innan alle målområda.

Prioriteringar av innsatsområde og tiltak generelt og dei første fire åra spesielt –

Verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå –

Konsolidering, fagleg eller geografisk? – Bømlo ligg geografisk nær Sunnhordland museum og slik konsolideringsprinsippet er gjort til no, vil det vera naturleg at t.d. lokale museum på Bømlo blir konsolidert med dei. På tross av dette kan det vera betre grunnar til å vurdere konsolidering på fagleg og ikkje geografisk grunnlag. Fagmiljø kan utfylla og heva kvarandre på tross av at dei geografisk ligg langt frå kvarandre. Meir fokus på konsolidering utifrå eit fagleg grunnlag, kan vera med å skapa spennande miljø som utviklar og hevar kvarandre. Det kan og føra med seg at miljø som i dag ikkje har vurdert konsolidering, vil kunne vurdere dette om grunnlaget er fagleg og ikkje geografisk. Rådmannen meiner døme på dette kan vera Wichmannsmia konsolidert mot andre maritime museum og fagmiljø i Hordaland, der nokon er gode på fartøyvern medan andre har kompetanse på utstyret om bord i fartøyet.

Driftsstøtte der ein søkjer kvart år eller tredje kvart år – i dag er det slik at lag og organisasjonar som får støtte hos fylkeskommunen må søkje om dette kvart år. Det viktigaste i forhold til støtte, er at dei som får midlar, oppfyller kriterier som t.d. å bidra til å nå dei målsetjingar som er satt i planen. Samstundes bør ein sjå på kva regional funksjon dei oppfyller.

Korleis oppfattast det regional kulturoppdraget – kriterier for kva som er meint med eit regionalt kulturoppdrag må gjerast tydelegare. Oppdraget må femne vidare enn i dag, då opplevinga særskild ute i distrikta er at mykje av det regionale skjer i Bergen. Sunnhordland som region nyttar ikkje nødvendigvis Bergen til kultur- og idrettsopplevingar like mykje som dei som er nærare, og ein bør difor i større grad ha fokus på regionane som er lengre vekk.

Bibliotek – Planen tek føre seg dei viktige punkta i bibliotekutviklinga. Bømlo folkebibliotek tykkjer planen er grundig og nyskapande, men har likevel nokre merknader:

- **Mobile bibliotektenester** – Bømlo folkebibliotek samarbeider med andre bibliotek i Sunnhordland som har bokbussar, bokbussane er ikkje nemnt i planen, noko som me meiner bør nemnast. Bokbussar er viktige supplement til den stasjonære bibliotekdrifta. Dette særskilt i geografisk store kommunar der det er langt til næraste bibliotek. I planen står det vidare at fylkeskommunen skal halde fram med å drifte og utvikle bokbåten Epos, dette er eit viktig tilbod til innbyggjarane i Bømlo. Bokbåten skal ha to stoppestader – Espevær og Skjeret.

- Planen set vidare fokus på å utvikle biblioteket som møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Dette er noko biblioteka i Sunnhordland vil jobbe med gjennom prosjektet Me snakkast dei neste to åra. Der vil me saman med vidaregåande skular arrangera debattar i biblioteka og utvikle biblioteka til å bli debatt arrangør.
- Det er viktig å få med omgrepet livslang læring i planen. Biblioteka bør vera ein arena for livslang læring, der folk i alle aldrar kan få høve til å tileigna seg ny kunnskap og utvikle sine evner gjennom heile livet. Her har biblioteket ei viktig rolle, som bør spesifiserast meir konkret i planen.
- Bømlo folkebibliotek vil også kome med ei høyringsfråsegn i lag med dei andre folkebiblioteka i Sunnhordland, då forpliktande biblioteksamarbeid er eit viktig punkt i planen.

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Folkehelse:

Planen er eit godt reiskap for å nå gode opplevingar innan kultur, idrett og friluftsliv. Den femner alle aldersgrupper og det er god folkehelse i allsidig aktivitet og tilbod. Grunnlag for god helse blir lagt tidleg i livet jamfør målsettinga om at barn og unge har ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen.

Oppsummering og konklusjon:

Planen er omfattande og femner breitt. Meir fokus på konsolidering med fagleg grunnlag kan vera med å skapa miljø som utviklar og hevar kvarandre. I samband med driftsstøtte til lag og organisasjonar, meiner rådmannen at dei som skal få støtte, må få dette i tråd med dei målsettingar som er sett i planen. Kriteria for kva som er meint som regionalt kulturoppdrag bør gjerast tydelegare. Omgrepet livslang læring bør takast inn i planen.